



Møtebok, fellesmøte Ryfylke vassområdeutval og arbeidsgruppa i Ryfylke vassområde

Tid: 04.09.19 kl. 10.00-14.00

Stad: Hjelmeland

Sakliste

Sak 18/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 19/19: Orienteringssaker

Sak 20/19: Fortsetjing av koordinatorstilling i Ryfylke vassområde etter 2019

Sak 21/19: Vilårsrevisjon Røldal-Suldal

Sak 22/19: Evaluering av arbeidet i Ryfylke vassområde, korleis jobbe i neste periode?

Sak 23/19: Eventuelt

Til stades/ikkje til stades:

Vassområdeutvalet:		
Finnøy kommune	Henrik Halleland	-
Forsand kommune	Bjarte Sveinsvoll Dagestad	Meldt forfall
Gjesdal kommune	Harald Bernt Dirdal	-
Hjelmeland kommune	Bjørn Laugaland	x
Kvitsøy kommune	Jon Kristian Sande	Meldt forfall
Rennesøy kommune	Eva Jakobsson (nestleiar)	Meldt forfall
	Dagny S. Hausken	Meldt forfall
Sauda kommune	Geir Bjarne Tveit	Meldt forfall
Strand kommune	Karl Stokka	x
Suldal kommune	Magne Langeland	x
Odda kommune	Nils Petter Rabbe	Meldt forfall
	Lars O Seim	x
Rogaland fylkeskommune	Lin-Veronica Jacobsen (leiar)	x
Rogaland fylkeskommune	Trine Danielsen	Meldt forfall
Arbeidsgruppa:		
Hjelmeland kommune	Torborg Kleppa	x
Rennesøy kommune	Geir Helge Rygg	Meldt forfall
Sauda kommune	Øyvind Ljung	Meldt forfall
Strand kommune	Trond Leirflåt	Meldt forfall
Suldal kommune	Ole Martin Dahle	x
Finnøy kommune	Silke Ullrich	Meldt forfall
Forsand kommune	Svein K Rønnevik ?	-

Suldal kommune har sekretariat for Ryfylke Vassområde.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.

Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)

E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.

Nettside: <http://vannportalen.no/ryfylke>

Gjesdal kommune	Gudrun Kristensen	Meldt forfall
Kvitsøy kommune	Anne Marit Eikeland	Stiller berre unntaksvis
Odda kommune	Torstein Backer-Owe	Meldt forfall
Vinje kommune	Dorthe Huitfeldt	Stiller berre unntaksvis
Bykle kommune	Sigrid Bjørgum	Stiller berre unntaksvis
Stavanger kommune	Kristin Bringedal	Stiller berre unntaksvis
Andre:		
Fylkesmannen i Rogaland, miljøavd.	Ørjan Simonsen	x
Fylkesmannen i Rogaland, landbruk	Nono Dimby	Meldt forfall
Vasskoordinator, Ryfylke	Jarle Lunde	x
Fiskeridirektoratet, region sør	Kari Grundvig	Stiller berre unntaksvis
NVE	Eilif Magnus Brodtkorb	Stiller berre unntaksvis
Mattilsynet	Arne Espeland	Stiller berre unntaksvis
Rogaland fylkeskommune, regionalplanavd.	Steinar Eldøy	x

Synfaring i Sandebukta

Det var før sjølve møte ei kort synfaring til i stranda og bekken i Sandebukta. Det blei her orientert om

1) **Sjøaureprosjektet:** Rådgivande biologar har fått oppdraget frå vassområdet med å kartleggje og komme med forslag til tiltak i 21 sjøaurelokalitetar i Sauda, Suldal og Hjelmeland. I tillegg har ein eit samarbeid med NJFF om ei enklare kartlegging av alle andre bekker til sjø i heile vassområdet. Ein håper å komme langt med dette i 2019. Bekken i Sandebukta er ein av desse.

2) **Badeplasser:** Miljødirektoratet har bedt alle kommunar om å melde inn badeplasser slik at det blir lettare å prioritere miljøtiltak ved oppdatering av vassforvaltningsplanane.

Hjelmeland kommune gjennomfører målingar av badevasskvalitet i blant anna Sandebukta. Det blir rapportert dersom kvalitet ikkje er bra. Det er ulik praksis i Ryfylke vassområde i forhold til kontroll av badevasskvalitet.

Sak 18/19: Godkjenning av innkalling og sakliste

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner innkallinga til møtet.

Behandling i vassområdeutvalet

Ingen merknad

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval godkjenner innkallinga til møtet.

Sak 19/19: Orienteringssaker

a) Rullering av vassforvaltningsplanen

Steinar Eldøy, Rogaland fylkeskommune orienterte for status for rullering av vassforvaltningsplanen (høyringsuttalane) og vassmiljøarbeidet framover. Når det gjeld høyringsuttalane har ein førebels ikkje gått grundig inn i desse, men det er laga oversikt over innkomne uttalar. Det ser blant anna ut til å vere:

- semje om at Ryfylke vassområde blir mindre frå 2020 ved at Finnøy og Rennesøy, som inngår i Nye Stavanger, blir del av Jæren vassområde. Som del av dette blir det naturleg at også Kvitsøy kommune blir del av vassområde på Jæren.
- usemje om organisering med vassområdeutval. Dette vil bli vurdert vidare. Uansett må ein i framtida vere tydelegare på kva som er politikk og fag

Det vert lagt fram saksframlegg til fylkesutvalet i november med forslag til planprogram. Plan og tiltaksprogram med konsekvensutgreiing tek til etter dette. Vassområde vil bli involvert i arbeidet.

b) Overvaking i Ryfylke vassområde i neste planperiode

Ørjan Simonsen, Fylkesmannen i Rogaland orienterte for status for eit overvakingsprogram og vegen framover. Me har i noverande periode gjennomført ei rekkje undersøkingar for å finne tilstand. Ein går i neste periode over til overvaking av utvalde lokaliteter. Arbeidsgruppa i vassområdet har kome med forslag til lokalitetar som fordelar seg godt geografisk. Poenget er å overvake der det blir gjennomført tiltak for å sjå utvikling. Fylkesmannen kan truleg bidra med om lag 300 000 i året til eit overvakingsprogram. Kommunane sjølve må bidra med resten gjennom eit spleiselag (frå 2022).

Synspunkt:

Dersom overvaking berre skal gjennomførast der tilstand ikkje er god, og som tiltaksovervaking, må arbeidsgruppa si liste over lokalitetar korrigierast (Hetlandsvatnet). Det blei føreslått at kvar kommune bør laga eit saksframlegg med status, forslag til tiltak og overvåking. Dette må inkludere kva som skal jobbast med vidare og kva budsjettmessige konsekvensar vil det få.

c) Saker i kommunane nå

Ole Martin Dahle, Suldal kommune:

- Revisjonskrav for Røldal-Suldal er no til politisk behandling
- Det skal byggast ny bru over Suldalslågen. Kjem i konflikt med brukarinteressene i elva (fiske).

- Det var i sommar utslepp av betong i Hålandsvassdraget i samband med utbetring av bru. Slo ut deler av fiskebestanden i nokre hundre meter nedstrøms utsleppet.

Torborg Kleppa, Hjelmeland kommune:

- I forhold til Årdalselva blir det gjennomført møte i eit fagråd der kommunen er representert. Fleire tiltak er gjennomført.
- I revisjonssaka for Ulla-Førre er det ikkje skjedd noko meir etter at Statkraft har gitt eit svar til NVE angående revisjonskravet frå kommunane. Semje om at vasskoordinator etterlyser handling frå NVE si side.
- Det pågår eit arbeid om lokal forskrift om utslipp frå mindre avløpsanlegg for kommunane på Jæren og i Ryfylke

Sak 20/19: Fortsetjing av koordinatorstilling i Ryfylke vassområde etter 2019

Saka

Noverande vasskoordinatorstillinga blei oppretta hausten 2016 som ei 50 % prosjektstilling med Suldal som vertskommune. Stillinga har vore finansiert som eit spleiselag der Rogaland fylkeskommune har bidrege med kr 100.000 pr år, kommunane har betalt tilsvarande beløp (20 000,- kvar), mens resterende kostnader har til nå blitt dekkja gjennom øyremerka statlige midlar til vassforvaltning (200 000,-).

Suldal kommune har hatt møte med Rogaland Fylkeskommune for å avklare vidareføring av stillinga ut over inneverande år. Haugesund og Klepp kommune, som også er vertskommunar, har hatt tilsvarande møte. Rogaland fylkeskommune framheldt i møtet at man fortsatt ønskjer eit spleiselag. Det er eit ønskje om å gjere stillingane som vasskoordinator om til faste stillingar, då oppgåvene som er tillagt stillingane har karakter av å vere permanente. Det blir antatt at fylkeskommunen vil bidra som tidligare, men ein må ha godkjenning i Fylkestinget. Det blir og antatt at det vidare vil være statlige midlar tilgjengelige i og med at dette er oppgåver Norge gjennom EØS avtalen er forplikta til å handtere, men fylkeskommunen kan ikkje garantere for disse midlane.

Suldal kommune ønskjer fortsatt å vere vertskommune og er positive til å tilsette vassområdekoordinator som fast stilling. Ei føresetnad er at også dei andre sentrale kommunane i Ryfylke vassområde er med på spleiselaget.

Noverande vasskoordinator går over i ny stilling, kommunen vil dermed lyse den ut på ny. Som tidligare er stillinga tenkt lokalisert på Garaneset der ein har eit fagmiljø innanfor natur, landbruk og teknisk.

Både arbeidsgruppa i vassområde og Ryfylke vassområdeutval har tidligare påpekt viktigheten av at koordinatorstillinga blir omgjort frå ein midlertidig prosjektstilling til ein permanent stilling, samstundes som stillingsstorleiken bør auke noko for å styrke arbeidet. Kommunane har per i dag ikkje tilstrekkelig med ressursar til følge opp vassforskriftas forpliktingar, som også krev stor grad av koordinering mellom kommunar, vassområde, fylkeskommune og Fylkesmann. Ein permanent koordinatorstilling vil legge til rette for eit vassområdearbeid som er forutsigbart.

Med bakgrunn i det ovannemnte blir det føreslått følgjande fordelingsnøkkel for ei koordinatorstilling. Dette svarar til ei stilling på 60-70%. Til orientering kan ein seie at målet i Haugalandet vassområde og Jæren vassområde er ei 100% fast stilling.

Staten ved Miljødirektoratet	200 000,-
Rogaland fylkeskommune	100 000,-
Sauda kommune	50 000,-
Suldal kommune	50 000,-
Hjelmeland kommune	50 000,-
Strand kommune	50 000,-
Forsand/Sandnes kommune	50 000,-
SUM	550 000,-

I noverande periode har kunnskapsoppbygging angående tilstand i vassførekomstane vore det viktigaste tiltaket i vassområdet. Undersøkingane som er gjennomført, og som dekkjer heile vassområde, har i hovudsak vore finansiert av eksterne statlege og regionale midlar etter søknad frå koordinator. I haust

startar eit større prosjekt med kartlegging av sjøaurebekkar. I tillegg til fagleg bonitering vil dette prosjektet også involvere lokalt engasjement.

Alle undersøkingane gjer at me no har ein relativt god oversikt over vasstilstanden i Ryfylke. I dei kommande åra vil ein gå over i ein tiltaksfase. Ein vasskoordinator blir sentral i dette arbeidet.

Vurdering

Informasjonen over blei sendt dei aktuelle kommunane 9.august med melding om at saka skulle behandlast av Ryfylke vassområdeutval 4. september. Det blei bedt om eventuelle merknader til forslaget. Ingen merknader er mottatt per dags dato.

I noverande avtale har Rennesøy, Finnøy, Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal og Sauda vore blant kommunane som har delteke i spleiselaget. I føreslått fordelingsnøkkel, som tek utgangspunkt i dei drøftingar som var i møtet mellom Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune, har ein teke utgangspunkt i tidligare spleiselag, samt at det er forventa at nye Stavanger kommune (med Finnøy og Rennesøy) og Kvitsøy blir tilhøyrande Jæren vassområde.

Dei kommunane som har eit mindre areal i yttergrensa, og som i all hovudsak tilhøyrar eit anna vassområde, har ikkje vore førespurde om å bli med i spleiselaget (Bykle, Vinje, Vindafjord, Stavanger). Det har heller ikkje Odda og Gjesdal kommunar som også er delt i to vassområde, men som har ein så stor del i Ryfylke at dei er representert i vassområdeutvalet. Slik sett kan Odda og Gjesdal samanliknast med nye Sandnes kommune.

Det kan altså stillast spørsmålsteikn til forslaget til fordelingsnøkkel. Det blir likevel lagt vekt på drøftingane mellom fylkeskommunen og Suldal kommune, samt at det ikkje er kome noko merknad på forslaget.

Framlegg til vedtak

Ryfylke vassområdeutval sluttar seg til at arbeidet som vasskoordinator må bli ei fast stilling og aukast noko i stillingsstorleik. Utvalet ber Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og nye Sandnes kommune, saman med Rogaland fylkeskommune, om å fortsatt bidra i eit spleiselag.

Vedtaket sendast kommunane og ber dei om årleg budsjettmessig oppfølging i tråd med føreslått fordelingsnøkkel.

Behandling i vassområdeutvalet

Stillinga må fortsette. Bør på sikt få til 100% stilling. Viktig for å få stabil og god fagleg tilsett.

Det blei føreslått å ta inn Odda (nye Ullensvang) og Gjesdal kommune inn i spleiselaget, men til halve prisen av dei andre. I desse kommunane er det sentrale vassførekomster for Ryfylke vassområde.

Følgjande forslag blei samrøystes vedtatt:

Ryfylke vassområdeutval sluttar seg til at arbeidet som vasskoordinator må bli ei fast stilling og aukast noko i stillingsstorleik. Utvalet ber Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og nye Sandnes kommune, saman med Rogaland fylkeskommune, om å fortsatt bidra i eit spleiselag. Nye Ullensvang kommune og Gjesdal kommune ønskes også med i spleiselaget og bes betale halvparten av dei andre kommunane.

Vedtaket sendast kommunane og ber dei om årleg budsjettmessig oppfølging i tråd med følgjande fordelingsnøkkel.

Staten ved Miljødirektoratet	200 000,-
Rogaland fylkeskommune	100 000,-
Sauda kommune	50 000,-
Suldal kommune	50 000,-
Hjelmeland kommune	50 000,-
Strand kommune	50 000,-
Forsand/Sandnes kommune	50 000,-
Ullensvang kommune	25 000,-
Gjesdal kommune	25 000,-
SUM	600 000,-

Vedtak

Ryfylke vassområdeutval sluttar seg til at arbeidet som vasskoordinator må bli ei fast stilling og aukast noko i stillingsstorleik. Utvalet ber Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og nye Sandnes kommune, saman med Rogaland fylkeskommune, om å fortsatt bidra i eit spleiselag. Nye Ullensvang kommune og Gjesdal kommune ønskes også med i spleiselaget og bes betale halvparten av dei andre kommunane.

Vedtaket sendast kommunane og ber dei om årleg budsjettmessig oppfølging i tråd med følgjande fordelingsnøkkel.

Staten ved Miljødirektoratet	200 000,-
Rogaland fylkeskommune	100 000,-
Sauda kommune	50 000,-
Suldal kommune	50 000,-
Hjelmeland kommune	50 000,-
Strand kommune	50 000,-
Forsand/Sandnes kommune	50 000,-
Ullensvang kommune	25 000,-
Gjesdal kommune	25 000,-
SUM	600 000,-

Sak 21/19: Vilkårsrevisjon Røldal-Suldal

Vedlegg

Forslag til «Revisjonskrav for Røldal-Suldal»

Saka

Det blei gitt samtykke til utbygging av Røldal-Suldal i 1962. Denne konsesjonen utgår i 2022. I den samanheng har kommunane rekna med at det vil medføra full konsesjonshandsaming, men det er det ikkje sikkert det blir. Hydro Energi AS, som er operatør og majoritetseigar av anlegga, er i gang med ein prosess der målsettinga er å etablere eit eigarskap for anlegga som vil innebære at reguleringskonsesjonane kan gjerast om til ein tidsuavhengig konsesjon for det nye selskapet. Dette vil samtidig gi muligheit til å krevje revisjon av konsesjonsvilkåra.

Odda og Suldal kommune har utarbeida eit revisjonskrav no. Saka skal til politisk behandling i kommunestyre i Suldal 5. september og i Odda 18. september. Det vert i saksframlegget tilrådd at revisjonskravet som er utarbeidd blir sendt NVE slik det ligg føre.

Forslag til «Revisjonskrav for Røldal-Suldal» er vedlagt.

Kva kan reviderast?

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Lågaste og høgaste regulerte vass-stand i magasina er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan revisjonen kan fastsetja grenser i korleis ein manøvrerer mellom desse ulike vasstandane.

Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (eks. sommarvasstand), tersklar/vasspeil, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget med meir.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen og som er gjenstand for revisjon. Privatrettslige forhold er ikkje omfatta og normalt heller ikkje økonomiske vilkår og økonomisk kompensasjon for miljøulemper.

Kva må kravet innehalda?

Kravet om revisjon må grunngjevast. Grunngjevinga må innehalda ei utgreiing av skadar og ulemper som må avbøtast. Kva som ikkje fungerer ved reguleringa og kvifor det ikkje fungerer. Kravet kan også innehalda forslag til tiltak og endringar i reguleringskonsesjonen. Kravdokumentet blir seinare grunnlag for konsesjonæren sitt revisjonsdokument, og ein bør difor ta opp alle aktuelle tiltak og forhold som ein ønskjer at skal bli behandla i revisjonen.

Vurdering

Det blir i ein innleiande del gjort greie for bakgrunnen for revisjonskravet. Vidare blir det stilt konkrete krav for å betre miljøforholda i forhold til vassmiljøet, villrein, kulturminne, landskap, friluftsliv og reiseliv. Det blir vist til problem og utfordringar.

I prosessen mot eit revisjonskrav sende Suldal kommune ut eit skriv til aktuelle myndigheiter, grunneigarar, organisasjonar og lag der ein har invitert til å koma med innspel. Ryfylke vassområde gjorde følgjande vedtak i vassområdeutvalet som [sak 14/17](#):

Uttale

Ryfylke vassområde viser til at regional vassforvaltningsplan prioriterer arbeidet med ny konsesjon for den del av Røldalsvassdraget kor eksisterande konsesjon utgår i 2022. Dette for å betre økologisk miljøtilstand. Vassområdeutvalet støtter opp om at konsesjonsprosessen bør starte nå.

Omsyn til vassmiljø og krava i vassforskrifta må prioriterast og avklarast gjennom konsesjonsprosessen. Me har i dag for lite kunnskap om vassførekomstane. Me visar her til saksframlegg. Ny kunnskap må følgast opp med tiltak.

Ryfylke vassområde ønskjer å være ein aktiv bidragsytar i den vidare prosessen.

Innspela frå vassområdet er teke vidare og vasskoordinator har vore sentral i arbeidet med å utarbeide forslaget til revisjonskrav. Angående vassmiljø visast det til kapittel 2.2.

Forslag til vedtak

Revisjon av konsesjonsvilkår er eit sentralt virkemiddel for å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag, noko som er eit hovudmål i vassforskrifta.

Ryfylke vassområdeutval sluttar seg til det som kjem fram i forslag til «Revisjonskrav for Røldal-Suldal» og ber om at kravet blir sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.

Behandling i Ryfylke vassområdeutval

Vassområdeutvalet uttalar seg berre i forhold til vassmiljø, ikkje friluftsliv, villrein osb.

Ingen merknad til innstilling.

Vedtak

Revisjon av konsesjonsvilkår er eit sentralt virkemiddel for å betre miljøtilstanden i regulerte vassdrag, noko som er eit hovudmål i vassforskrifta.

Ryfylke vassområdeutval sluttar seg til det som kjem fram i forslag til «Revisjonskrav for Røldal-Suldal» og ber om at kravet blir sendt Norges vassdrags- og energidirektorat.

Sak 22/19: Evaluering av arbeidet i Ryfylke vassområde, korleis jobbe i neste periode?

Saka

Det blei i sist møte i vassområdeutvalet tatt til orde for ein diskusjon omkring arbeidet i vassområdet og å peike på anbefalingar for vegen vidare. Noko av bakgrunnen for dette har vore det faktum at det har vore forholdsvis dårleg deltaking på møta i vassområdeutvalet. Det har og vore sagt at det har vore mykje fag og lite politikk.

Nokre moment som bakgrunn for diskusjon:

- Me har no vore i ein planfase der det å auke kunnskapsgrunnlaget om vassførekomstane har vore prioritert. Me har no ein langt betre oversikt over tilstand og kan i neste periode gå meir over i ein tiltaksfase.
- Innspel til planprogram skal handsamast og planprogram skal bli vedtatt. Likevel er det mykje som tyder på at
 - grensene for vassområde blir endra ved at nye Stavanger kommune, samt Kvitsøy, blir i Jæren vassområde. Ryfylke vassområde blir då meir einsarta når det gjeld påverknad av vassførekomstar.
 - at organisering med eit vassområdeutval i kvart vassområde blir opprettheldt

Korleis skal ein organisere arbeidet? Korleis skal arbeidsfordeling vere mellom arbeidsgruppa og vassområdeutval? Korleis skilje tydeleg på fag og politikk? Korleis bør ein ha opplæring og konstituering av nytt arbeidsutval?

Drøfting i vassområdeutvalet/arbeidsgruppa

I diskusjonen var det semje om at fylkeskommunen må avklare om ein framleis skal ha ei organisering med vassområdeutval og arbeidsgruppe som i dag, eller berre ei arbeidsgruppe. Dette må gjerast snarleg med tanke på valet og kommunane si utpeiking av representant.

I ei vurdering må følgjande inngå:

- Dei politiske avgjerdene skjer i kommunane. Vassområdeutvalet kan i stor grad berre komme med tilrådingar.
- Politiske saker kan leggjast direkte fram for relevant kommunalt utval (utan vassområdeutval). Dette kan gjerast av arbeidsgruppas kommunale representant saman med vasskoordinator. Arbeidet med å finne felles løysingar i vassområde gjerast i arbeidsgruppa (felles politikk på t.d. kantsoner, gjødselhandtering, reinsekrav, overvaking).
- For å få fram status for arbeidet, samt skape engasjement og eigarforhold til vassarbeidet, kan vasskoordinator saman med kommunal representant orientere regelmessig i relevant politisk utval. Ein kan og vurdere seminarer retta mot politikarane. Dette skjer i forhold til landbruket i dag.

Dersom Fylkeskommunen går for noverande organisering må ein vurdere nærare korleis arbeidet bør gjennomførast basert på erfaringar i noverande periode.

- Ein må ha dedikerte politikarar som sit sentralt i relevante politiske utval (jfr sak 8/19, punkt b).
- Ein må starte opp tidleg, ikkje som i førre peiode då det tok eit år etter valet før første innkalling til møte.
- Ein må vurdere eit oppstartsseminar for alle representantar der ein tek for seg status for vassarbeidet, påverknadar og moglege tiltak, samt forventningar til arbeidet

- I vassområdet må ein skilje tydeleg på fag og politikk (gjeld også vassregionutvalet). Det reinspikka faglege må administrasjonen ta seg av. Slik det har vore i noverande periode er det ikkje behov for mange politiske møte.

Sak 23/19: Eventuelt

Ingen saker